

Bokn Bygdablad

Nr. 5 juni 2010 – Årg. 25



Eige firma – s. 4

Veks fram – s. 16

Styrkeprøven – siste side

25
år

www.bygdabladet.no



KJEKT PÅ BOKN





RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Ambulanse

I samband med saka om ambulansenesta og framtidig status og organisering av den akuttmedisinske beredskapen i Bokn, hadde Bokn kommune, representert med underteikna, rådmannen og seksjonsjef Helse, møte på Stortinget 14. juni for å drøfte problemstillinga vår.

I brev frå Helse- og omsorgsdepartementet fekk Bokn kommune opplyst at departementet arbeidar med ei ordning for båretransport av pasientar der ein differensierar mellom ambulansane og stiller ulike krav til kompetanse hjå ambulanspersonellet. Helsedirektoratet har i tildelingsbrevet for 2010 fått i oppdrag å foreslå nasjonale krav til ulike typar ambulansbilar og vurdere behov for endringar i regelverket. Dette gjer ein for å leggja til rette for at frivillege organisasjonar, og dømesvis Bokn kommune, skal kunne spela ei rolle i den akuttmedisinske kjeda.

I møtet med stortingsrepresentantane ba eg om at ein frå sentralt hald også tek omsyn til Bokn kommune sin modell for drift av ambulanseneste og at ein i samband med gjennomgang av dei nasjonale krava til ambulansbilar også legg til rette for at ein i Bokn skal kunne gjera om dagens "First responder" til ein ordinær ambulans ved å tildela same status som ambulansane til dei frivillege organisasjonane i Noreg.

Eg håpar sentrale mynde nå prioriterar arbeidet med å leggja til rette for alternative ambulansar som er ein viktig, og sannsynlegvis, avgjerande ressurs i den akuttmedisinske beredskapen i vårt desentraliserte land.

Føresvikvegen

Formannskapet godkjente i juni at forslag til oppgradering av Førsvikvegen skal leggast ut til offentleg ettersyn med eitt alternativ, det vil seia at ein fylgjer eksisterande trasè frå Knarholmen til Førsvik sentrum. Etter planen vil saka bli lagt ut på høyring i haust, og etterkvart som planen tek form vil berørte grunneigarar bli kontakta i høve utløyning av grunn. Ein legg opp til eit løp der ein kan få vedtatt endelig plan seinast hausten 2011.

I tillegg til fire millionar kroner gjennom sekkeposttiltaka i Haugalandspakken, har Rogaland fylkeskommune stadfesta at dei går inn med økonomiske midler tilsvarende Bokn kommune sin andel, det vil seia 4 millionar kroner. Dermed er i prinsippet finansieringa for dette vegprosjektet nå på plass.

Føresvik hamn


Planarbeidet for indre hamn i Førsvik er nå på plass, og problem i høve til klausulerte områder er løyst. Det er gjennomført møter med berørte grunneigarar og velforeninga i Førsvik. På bakgrunn av innspel frå desse møta utarbeida Norconsult ei skisse til planløyning for oppgradering av kommunen si strandsonen i indre hamn og i løpet av sommaren vil Bokn kommune henta inn pristilbod frå ulike entreprenørar. Ein satsar på å kome i gang med gravearbeida på sein-sommaren.

Planforslaget (**sjå planskisse under**) inneber at eksisterande fylling blir av-

moloen. I tillegg blei moloen plastra mot aust, og det blei deponert plastringsstein i området for seinare bruk. Våren 2010 blei det i tillegg kjørt ut noko meir plastringsstein. Dermed er ein klar til å kunne ta i mot kjerne-masse frå T-sambandet for å fullføra moloen etter dei opprinnelege planane. I fylgje Statens vegvesen vil dei begynna å transportera ut massene til Hålandssjøen seinast innan juni 2011. I mellomtida vil kommunen prøve å skaffe plastringsstein til innsida av moloen.

God sommar

Den sure nordavinden har førebels skapt vanskar for eit aktivt terrasseliv i



slutta med ein steinmur som skal utgjera bryggefronten. Den opne strandsona mot Førsvikvegen blir oppretthalde og blir tilrettelagt som ein badeplass med betre tilkomst via steintrapper og terrasserte steinmurar. I tillegg vil det bli satt opp lys og benkar. Prosjektet har ei kostnadsramme på 500.000 kroner.

Hålandssjøen

Administrasjonen skal utarbeida fleire alternative framlegg til utbygging av Hålandssjøen. Formannskapet skal deretter velja kva utbyggingsalternativ ein skal jobba etter. Hausten 2009 blei det kjørt ut meir kjernemasse til sjølve

boknaheimen, men eg håpar at juli byr på eit meir klassisk sommarvær som gjer at me lettare kan møte vestlandshusten om nokre månader. Når fotball-VM er unnagjort og vinden har løya, ligg alt til rette for ein flott sommar med badeliv, fyr på grillen og lyse kveldar. Eg vil minna om høgdepunktet i sommar-Bokn som er marknadsdagen i Førsvik den 10. juli. Ta turen!

Eg vil ynskja alle lesarane av Bokn bygdablad ein god og nordavindsfri sommar.

Ordføreren

Bokn Bygdablad

www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidar: Annette Bokneberg

Bygdabladnemnd

Johannes Nilssen
Ellen Nedrebø
Lars Norekvål

Gjeldande annonseprisar (netto)

| | |
|-----------------|--------------|
| Heilside | kr. 500,- |
| Halvside | kr. 300,- |
| Kvartside | kr. 150,- |
| 1/8 side | kr. 100,- |
| Privatann. | kr. 50,- |
| Fast-/fargeann. | etter avtale |

Foto, omslag:

Stephan Haram



STORT FRAMSIDEBILDE:

Adrian Hesthammer på varm, solrik og vindstille St.Hans-feiring, Alvestad nærmiljøanlegg 23. juni 2010

Foto: Christian Bottolf Knutsen

Takk for innsatsen!

Jardar Havikbotn

Oddgeir Hognaland har i arbeidsveke sine på skulen i byrjinga av juni jobba i Bokn Bygdablad. Den kommande 10. klassingen har tenkt å søka Media og kommunikasjon på vidaregåande, og har fått eit innblikk i korleis me jobbar med bladet, både på papir og på nett.

Det er foto og film innan Media og kommunikasjon som interesserer han mest. I samarbeid med Kjetil Hamre

har det blitt både fotokurs, fotopratt og -eksperimentering. 15-åringen er blant dei som har gjennomført det tidlegare omtalte filmkurset "Filmtalenter", og underteikna har sjølvsagt nytta sjansen til å læra litt filmredigering på PC'en.

Forutan fotografering, tekstredigering og -tilrettelegging for både papir- og nettversjon, har Oddgeir også fått prøva seg i intervjurolla. Ein sommarprat med ordføraren blei dessverre ikkje ferdig til dette nr., men kjem neste gong. Sjå elles s. 16.

Takk for innsatsen!



Sommarmarked

Jardar Havikbotn

10. juli kl. 11-15 er det klart for sommarens største møteplass.

Butikksjef ved Coop Marked Bokn, Tor Harald Alvestad, fortel til Bokn Bygdablad at dei i fjor delte ut over 500 lodd for å få ein peikepinn på kor mange folk som samlast den dagen.

Ting kjem også gjerne på plass etter at plakatar er trykte og komne opp, slik som at *Den lille redningsskøyta Elias* kjem på besøk (**lite bilde**), likeså veteranbåten *Gamle Skudenes* og ein veteranbuss frå Norsk Veteranbussforening.

Det står heller ikkje på plakaten (sjå s. 21) at *Folkets Gave* skal vera til stades. Dei skal m.a. lodd ut ein tur for to til Allicante i Spania. Trekkspel har dei også med seg.

Dei populære helikopterturane er også på plass.

Pluggen Motorklubb har trialoppvisning medan Ottar Borgenvik og Lars Magnus Alvestad skal stilla ut gamle motorar.

Butikksjefen minner også om at dei har



Frå Sommarmarknaden 2008

ekstra gode tilbud i butikken på laurdag.

musikken.

Utedans

Om kvelden er det utedans med utflytta boknar Trond Christiansen og ein som heiter Michael. Den lokale gruppa *The Kvednabekkers* skal varma opp og stå for pause-

Det er 18 års aldersgrense på dansen.

Med dette skulle det ligga an til ein Svært koseleg boknadag 10. juli.

Startar eige firma og blir medeigar i Haugaland Turbonett

Jardar Havikbotn

1. august lanserer Vegar Våge føretaket Våge PC-service. Han har også slutta seg til den stadig ekspanderande breiband-leverandøren, Haugaland Turbonett.

25-åringen, som alltid har hatt svært stor datainteresse - og som nå har grafisk og teknisk utdanning innan IT (informasjonsteknologi), skal gjennom Våge PC-service hjelpe folk med alle problem som er relaterte til data og datautstyr. Dette har han også drive med på hobbybasis tidlegare, og opplevd at mange har tatt kontakt heile vegen. At det er eit marked for dette, både i Bokn, Tysvær, Haugesund og Karmøy, er boknaren ikkje i tvil om.

Boknafirma

Firmaet vil ha base på Bokn, der han bur, og hovudfokusset blir naturleg i heimkommunen.

Vegar vil også gi råd og hjelpe folk med å kjøpa seg ny pc, tilby nye brukarar hjelp i å bruka maskinen og dei ulike programma, installasjon av nye program, m.m. TV, parabol og musikkanlegg er også aktuelle stikkord for det nye firmaet, mykje pga. at dette blir meir og meir nettbasert i åra som kjem.

Haugaland Turbonett

Dagleig leiar i Haugaland Turbonett (HT), Nils Kåre Jørmeland, er godt fornøgd med å få Vegar med i stallen.

- Det er kjempebra for oss, kjem det fort frå ein som ser store fordelar med dette på fleire måtar.

HT vil generera mykje pc-relatert arbeid til boknaren, samstundes som Jørmeland sjølv får betre tid til å ta seg av planlegging for vidare utbygging, setta opp master og skaffa nye kunder. I det heile vil HT kunna yta mykje betre service framover.

Ekspansjon

Og HT er i god vekst på Bokn, og vil såleis ha mange å yta service for i framtida. Det trådlause systemet frå Førre har nå hovudsendarar på Alvestad, Øyren(?), Kro, Are og Våga, og



Dagleig leiar i Haugaland Turbonett, Nils Kåre Jørmeland (til venstre), er godt fornøgd med å få Vegar Våge med i stallen.

lokalsendar på Ognøy. I desse dagar blir det også jobba med hovudsendar på Jøsang. 25 boknarar har nå knytta seg opp medan 20 står på venteliste. Pr. i dag har systemet i Bokn kapasitet til alle fall 300 stk.

- Eit fyrste mål må vera 100 stk., skyt Vegar inn, som naturlegvis har breiband frå HT sjølv. Han skryt av eit stabilt, raskt og billig nett som ikkje er følsamt overfor torevêr, slik som breiband via telefonlinjene er, t.d. ADSL. Det stabile nettet HT tilbyr kjem av at dei kjøper tenester og bruker serverane til Ventelo, ein av dei leiande leverandørane av komplette telefoni-, mobil-, internett- og data-tenester.

Satsar vidare

Den daglege leiaren fortel at han har snakka med sentrale personar på Rennesøy og Finnøy, og det skal nå settast opp ei eiga sektorantenne på Are slik at HT også kan levera breiband til desse øyane. Det er også planar om å gå vidare innover i Ryfylke. Breibandleverandøren kjem også til å satsa i Karmøy og Haugesund, der det

er svært mange som har dårleg internett. I fyrste omgang skal dei setta opp seks til åtte sendarar i desse kommunane.

I løpet av sommaren skal linken til Førresfjorden oppgraderast, og HT kan då tilby 10 Mbit til dei som har behov for det. Prisen blir 400 kr. i mnd.

HT, som nå består av sju personar etter at Vegar blei medeigar, ligg ikkje på latsida. Og Våge PC-service skal stå for den tekniske delen av den daglege drifta, dvs. ha alt arbeid med montering av klientutstyr/oppkobling av nye kunder. Såleis vil boknarar som er knytta til HT få ein svært lokal service.

Den unge boknaren, som var eldsjela bak dataklubbane Lanux og BCG (Bokn Computer Gathering), og som har utallige datatreff (LAN) bak seg opp gjennom ungdomsåra, vil sjølvstapt ha eiga heimeside, som allerede er oppe og går. Adressen er www.vpcs.no

Bokn Bygdablad ynskjer lukke til med Våge PC-service!

Ikkje la ei trafikkulykke øydeleggja ferien for deg og familien din!

Trygg Trafikk ber deg stressa ned og ta deg god

tid når du skal på ferie med bil.

Fortsatt er det ein del bilistar som tar sjanser i trafikken som dei ikke

burde tatt, og som ofte fører til trafikkulykker!

Hugs at ei trafikkulykke ikkje skjer, ho blir forårsaka!

Kårstø minicup 2010

Elisabet Taraldlien

Bokn jenter 8 år stilte lag på Kårstø minicup. Dei var temmeleg spente, og gjekk på banen med mange sommarfuglar i magen.

Det var flott ver, sol og varmt, så det blei nesten litt vondt å spele. Men ein is og litt brus i pausen hjelpte godt på! Litt tap blei det og, men alle fekk ein flott pokal og ei t-skjorte. **Vel spelt jenter!**

Eg minner om at du alltid er velkommen med bidrag til bladet, enten det er frå utflukter til nabokommunane eller frå ulike arrangement i Bokn der Bygdabladet ikkje kan vera til stades.

Det er ikkje alltid så mykje som skal til. Eit par bildeknips med mobilen/ vanleg kamera viss du har det med, og ein liten tekst :-)

- redaktøren -



Laget får velfortent pokal og T-skjorte.

Frå venstre: Karen, Lydia, Lea, Michelle, Sunniva, Maja, Madelen (delvis skjult) og Deborah.

Til høgre: Sonja og Brent med jentene.



Sterke prestasjonar

Jardar Havikbotn

To Falkeid-lag heilt til topps i Karmøy Cup 2010.

Seks unge boknarar kunne smila ekstra breitt søndag 13. juni. Det var Martine Alvestad, Marianne Sunde, Lisbeth Skjelde, Julie Bokneberg, Simen Havikbotn og Joar Øvrebø.

Sistnemnde skåra også målet som sikra at SG13 vann den spennande finalen mot Djerv 1919 1. Jenter14 vann alle kampane sine, og kunne også sleppa jubelen laus på Torvastad.

Bokn Bygdablad gratulerer med kjempeinnsatsen!

Du kan lesa om bragdane på Falkeid Idrettslag sine heimesider.

Det blei tatt lagbilder etter at spelarane hadde fått premiane sine.



Foto: Ukjent





Møte 13.04.10

SAK 10/10 - BOKN SKULE: LEKSEHJELP I SMÅSKULEN OG BETALINGSSATSAR SFO

RÅDMANNEN SITTE FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Det blir frå 01.08.2010 gitt tilbod om gratis leksehjelp (på skuledagar) til 1. - 4. klasse måndag, onsdag og fredag slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Elevar som er avhengige av skuleskyss får tilsyn i

SFO frå leksehjelpa er avslutta og til skuleskyssen går heim etter skuleslutt 1410. Dette tilbodet gjeld bare måndag og fredag.

3. Dei som både skal ha leksehjelp og SFO, blir gitt redusert betaling i SFO.
4. Rådmannen får fullmakt til å lage meir detaljerte reglar ved behov, og til å ta avgjerd i enkeltsaker om korleis ordninga skal praktiserast.
5. Betalinga i SFO blir frå 01.08.2010 som vist i tabellen.
6. Det løyves kr. 65.000,- til dekning av ekstra utgifter til leksehjelp

| Tilbod og terminbeløp (10 betalingsterminar) | Heile veka | 3 vekedagar | 2 vekedagar |
|---|---|--|--|
| Skuledagar frå kl 0710 til skulestart | Opphald kr 527 Frukost kr 158 Sum kr 685 | Opphald kr 307 Frukost kr 91 Sum kr 398 | Opphald kr 219 Frukost kr 65 Sum kr 284 |
| Skuledagar frå skuleslutt til kl 1410 | Opphald kr 315 | | |
| Skuledagar frå kl 1410 til kl 1630 | Opphald kr 1 054 Sum kr 1 054 | Opphald kr 614 Sum kr 614 | Opphald kr 440 Sum kr 440 |
| Skulefridagar frå kl 0710 til kl 1630 | Opphald kr 942 Frukost kr 35 Sum kr 977 | | |

SAK 11/10 - UTFORDRINGAR FOR BOKN 2010 - 2030 RELATERT TIL FOLKETALSUTVIKLING, INVESTERINGAR, FINANSIERING OG ØKONOMISKE RAMMER

Vedtak:

2. Kommunestyret gjer vidare vedtak om fylgjande investeringar:

| | | |
|-------------------------|---------------------------------|--------------|
| I. Nytt bustadfelt | kr. 7,5 mill – sal av tomter | kr. 7,5 mill |
| II. Utbygging vassverk | kr. 6,0 mill – lån/eigenkapital | kr. 6,0 mill |
| III. Tilskott fylkesveg | kr. 4,0 mill – lån/eigenkapital | kr. 4,0 mill |
| IV. Småbåthavn | kr. 5,0 mill – refusjon | kr. 5,0 mill |
| V. Diverse inv. | kr. 3,0 mill – lån/eigenkapital | kr. 3,0 mill |

1. Kommunestyret ber rådmannen utreda vidare muligheter for å bygga skule og fleirbrukshall og førebu ei sak for KS i løpet av mai 2010. I denne samanhengen skal ein kvalitetssikra kostnadene ved eit slikt prosjekt, samt kvalitetssikra romprogrammet for bygningane.

3. Før arbeidet med investeringsprosjekta kan settast i verk skal det enkelte prosjekt med

endeleg kostnadsramme og finansiering leggst fram for kommunestyret til godkjenning.

SAK 12/10 - Kulturhistorie for Bokn

Vedtak:

1. Birger Lindanger blir engasjert til å skriva Bokn si kulturhistorie, i tråd med tilbodet frå forfattaren.
2. Rådmannen får fullmakt til å skriva kontrakt med Birger Lindanger.
3. Utgiftene blir tatt frå Bygdebokfondet.
4. Resterande finansieringsutgifter, max. kr. 479.000 blir fordelte på budsjetta for 2011 og 2012.

SAK 13/10 - E39 - ROGFAST: Tolking av kommunestyrevedtak 9. februar 2010.

Vedtak:

Kommunestyret vedtok samrøystes at kommunestyret sitt vedtak av 9. februar 2010 vedkommande nytt kryss på Austre Bokn må fortolkast bokstaveleg slik det står skrivne.





Møte 11.05.10

SAK 26/10 - BOMPENGEFINANSIERING AV E39 ROG-FAST - MULIGHETSSTUDIE, HØRING

Vedtak:

Bokn kommune er positiv til framdrift og finansieringsmodell som er illustrert i moglegheitsstudien, og ynskjer at det blir arbeidd vidare med ein delvis bompengefinansiering av Rogfast.

Moglegheiten for en finansieringsmodell med forskotts-, parallell og etterinnkrevjing av bompengar blir opna då Rogfast er eit ferjeavløysingsprosjekt. For raskast og ein mest mogleg kostnadseffektiv innkrevjing av bompengane bør ein slik finansieringsmodell vurderast.

Sak 27/10 - Videreutvikling av samarbeid i Haugalandrådet.

Vedtak:

1. Bokn kommune anbefaler å legge om driften av Haugalandrådet og omgjøre det til en møteplass for ordførere og rådmenn i medlemskommunene i regionen, hvor viktige og overordnede saker for hele regionen blir drøftet og gitt retning.

2. Møtene i Haugalandrådet bør administreres av kommunenes politiske sekretariater. Funksjonen ivaretas av den kommunen som til enhver tid innehar ledervervet i Haugalandrådet.

3. Bokn kommune ønsker å videreutvikle Haugaland Vekst (HV) som regionalt/interkommunalt verktøy i nærings- og regionalutvikling, og vil sammen med de andre HV kommunene legge sine ressurser i slikt utviklingsarbeid inn i Haugaland Vekst som blir HV kommunenes operative og utøvende ledd innen nærings- og regionalutvikling.

4. Det må være et framtidig mål, som også er i tråd med Haugaland Vekst's strategi, i større grad å samle alle kommunene i regionen i ett, felles organ, Haugaland Vekst, slik at Haugaland Vekst kan fungere som en utvidet regional arena både for politisk og operativt nærings- og regionalutviklingsarbeid.

SAK 29/10 - OPPRETNING AV BYGDEBOKNEMD

Vedtak:

Formannskapet oppretter fylgjande bygdeboknemnd til arbeidet med Bokn kulturhistorie:

Leif Vatnaland (leiar)
 Olaug Hognaland
 Sigvart Våga
 Reidar Alvestad
 Arne Øvrebø
 Olav G Larsen

Jardar Havikbotn (sekretær)



Sak 30/10 - Ballbingen i Havnavegen

Vedtak:

1. Formannskapet ønskjer å bidra til ei løysing der Velforeininga får behalda ballbingen.
2. Men før formannskapet gjer endeleg vedtak blir rådmannen bedt om, i samarbeid med Velforeininga, å prøve ut ei totalløysing som tilfredsstillar rettingsvedtaket. Spesielt er det viktig at støynivået når ballen treff ein vegg, er akseptabelt.

Sak 31/10 - Fastsetting av valdag ved kommunestyreval og fylkestingsval 2011.

Vedtak:

Bokn kommunestyret vedtar at val til kommunestyret og fylkestinget 2011 blir heldt måndag 12. september 2011 i Bokn kommune.

Sak 32/10 - Delegering av myndighet etter ny havne- og farvannslø.

Vedtak:

1. I medhold av Lov om havner og farvann av 17.04.2009 § 10, jf. Lov av 29.01.1999 om interkommunale selskaper, delegerer Bokn kommune sitt ansvar og sin myndighet til Karmsund interkommunale havnevesen (IKS). Det ansvar og den myndighet som delegeres skal forvaltes i samsvar med KIH sin selskapsvedtekt § 3. Delegasjonen i henhold til dette vedtaket gjelder fra 01.01 2010 ved ikrafttredelse av den nye havne- og farvannslø og inntil den blir opphevet ved lovending eller nytt vedtak i kommunestyret.

Etter dette vil § 3 i selskapsvedtekten for Karmsund Interkommunale Havnevesen ha slik ordlyd:

Selskapets formål er å planlegge, utbygge og drive havner, samt å trygge ferdsele, på vegne av de kommuner som er deltakere, jfr. § 4, og ivareta disse kommuners oppgaver, rettigheter og forpliktelser i samsvar med den til enhver tid gjeldende havne og farvannsløvgivning, jf. I dag til Lov 19. april 2009 nr 19, om havner og farvann m.v., med tilhørende forskrifter (heretter kalt havneløven). Det skal arbeides for økt miljøvennlig sjøtransport, effektiv og samordnet kommunikasjon, tilrettelegging for og medvirke til næringsutvikling i samarbeid med næringslivet, brukerne og transportutøverne.

2. For Bokn kommune er det viktig at Karmsund Interkommunale Havnevesen også engasjerer seg i spørsmål som angår større eller mindre havner/kaier med rutebåttrafikk og annen virksomhet.
3. Bokn kommune viser til at den nye løven avvikler kommunale havneavgifter, med unntak av anløpsavgiften, og åpner for alminnelig prising i den enkelte havn. Bokn kommune forutsetter at også dette vil bli administrert av KIH gjennom delegeringsvedtaket.



SAK 35/10 - SALSTID FOR ALKOHOLHALDIG DRIKK

Vedtak:

Coop Marked Bokn får utvida salstida for alkoholhaldig drikk med inntil 4,7 volumprosent alkohol på dagar før søn- og heilagdagar til å gjelda i butikken si opningstid, maksimalt inntil kl. 18.00.

Vedtaket er heimla i alkohollova Kap3 – III §3-7 Salg av alkoholholdig drikk m.v.

Det vert foreslått at vedtaket vert avgjort som hastesak etter §13 i kommunelova, og kjem opp som referatsak i første kommunestyre.

Sak 36/10 - Orienteringssaker - status vedr. bustadfelt, fylkesveg, havner, vannverk og småbåthavn.

Vedtak:

1. Føresvik havn.
Hans Faye orienterte om planarbeidet som var gjort, og om problem i forhold til gjennomføring pga klausulert område. Kystverket som på et tidlig tidspunkt var kontaktet i saken, hadde først nylig gitt tilbakemelding om at området ikke kunne brukes før eventuelt Føresvik havn var overtatt av Bokn kommune. Samtidig blei det gitt signal om at Bokn vil kunne få kjøpe havna etter nærare avtale.

Formannskapet: Utvalet som var oppnemnd for å sjå på saka løyses no opp. Rådmannen oppnemner ein person som får ansvar for vidare framdrift i saka. Den ansvarlege rapporterer vidare direkte til formannskapet. Saka skal ha høy prioritet.

2. Bustadfelt Alvestad.
Hans Faye orienterte om det pågåande arbeidet med utarbeiding av reguleringsplanen. Arbeidet er under regulering av konsulentfirmaet Kowi a.s. Formannskapet er oppdragsgivar for dette prosjektet og vil få saka lagt fram på neste møte.
3. Bokn Vassverk.
Hans Faye orienterte om prosess og status for arbeidet med vassverksplanane. Saka er klar til framlegging til politisk behandling i formannskapet den 8. juni.
4. Småbåthavn Hålandssjøen.
Rådmannen orienterte om saka.
Formannskapet: Rådmannen oppnemner ein person som får ansvar for å framdrift i saka. Det bes utarbeide fleire alternative framlegg til utbygging. Den ansvarlege rapporterer direkte til formannskapet. Saka har høy prioritering. Utvalet for småbåthavna blei lagt ned.
5. Føresvikvegen.
Hans Faye orienterte om det reguleringsarbeidet som er gjennomført gjennom konsulentfirmaet KOWI as. Det har i den første prosessen vore kontakt med Rogaland Fylkeskommune og andre berørte parter. Planen er varsla, men ikkje sendt ut. Formannskapet drøfta om Føresvikvegen skulle leggest i ein ny trase. Saka legges fram for formannskapet til drøfting før den legges ut. Formannskapet vil då kunne ta stilling til kva trasear som skal ligge i framlegget til reguleringsplan for Føresvikvegen.

SAK 37/10 - MAKEBYTTE AV KAI - ARE.

Vedtak:

Bokn kommune engasjerer seg ikkje aktivt i saka, men legg til grunn tidligare vedtak om at eit eventuelt makebytte føreset at det kan overførast eit godkjent anlegg med kai og veg.

Møte 08.06.10

Sak 39/10 - Tilstandsrapport for skulen 2010

Vedtak:

Saka tas til orientering.

SAK 43/10 - PLAN FOR OPPGRADERING AV ØVRABØVEGEN

Vedtak:

Formannskapet ber om at administrasjonen legger fram forslag til alternative prinsipp-løsninger for utbedring av Øvrabøvegen med kostnadsoverslag. Alternativene skal legges fram for formannskapet for vurdering av arbeidet med vidare planprosess.

Stipulert konsulentkostnad på kr.30.000 dekkes av avsette tilleggsføringar.

BOKN VANNVERK-SIKRINGSTILTAK OG UTVIDELSE AV SAK 44/10 - KAPASITET-SØKNAD OM KONSESJON FOR REGULERING AV TORLANDSVATN

Vedtak:

Formannskapet gir rådmannen fullmakt til å søke NVE om konsesjon for gjennomføring av en oppdemning av Torlandsvatn med 1m i forhold til normalvannstand ved bekkeløp.

Rådmannen får fullmakt til å engasjere konsulent for utredning av konsekvenser for fisk,dyre- og planteliv i vassdraget. Kostnaden på ca. Kr.45.000,-dekkes av avsette tilleggsføringar.

SAK 45/10 - BÅTHAVN-OPPFØRING AV STEINMUR LANGS INDRE DEL AV FØRESVIK HAVN

Vedtak:

Formannskapet godkjenner makebytte me eigar av gnr. 9 bnr. 12 slik at rettighet til å anlegge brygge på 6 m bredde flyttes til kommunen sin eigeidom på uklausulert område. Den planlagde steinmuren skal utgjøre bryggefronten. Rettigheten gir ikkje tillatelse til lagring av noe annet på land. Justering av planen/plassering av båtplasser gjøres i samarbeid med grunneigar.

Formannskapet godkjenner at oppgradering av strandsonen i indre del av Føresvik havn gjennomføres i prinsippet etter



planskisse datert 01.06.2010 Steinmuren tilpasses etter mudringskant og grunnforhold.

Rådmannen gis fullmakt til å innhente tilbud og sette arbeidene i gang innenfor rammen av budsjetterte midler.

Sak 48/10 - Oppretting av folkehelsekoordinatorstilling

Vedtak:

I samsvar med rådmannens saksframstilling, vert det oppretta ein 100 % engasjementstilling som folkehelsekoordinator.

Sak 53/10 - Auke i drift for Bu & aktivitet

Vedtak:

1. Budsjettet for seksjon helse, sosial og barnevern vert auka med totalt kr. 117.500,- for 2010, i tråd med rådmannen si saksframstilling:
2. Utgiftene vert dekkja av reserverte tilleggsløyvingar.

SAK 54/10 - STARTLÅN - SØKNAD.

Vedtak:

Søknaden vert avslått.

Sak 55/10 - Søknad om støtte frå kommunalt næringsfond.

Vedtak:

Bokn formannskap gir søkjar kr. 100.000 i støtte frå næringsfondet. I dette ligg det kr. 50.000 til marknadsføring og kr. 50.000 til produktutvikling. Det er ein føresetnad at bedrifta blir etablert i Bokn kommune. Beløpet blir utbetalt så snart verksemda er etablert og kostnadene kan dokumenterast.

Sak 56/10 - Kjøp av grunn - Konfidensiell.

Vedtak:

1. Bokn formannskap vedtek å gi rådmannen fullmakt til å erverva tomt på i alt ca. 4,3 daa. innanfor ei prisramme på kr. 250.000,-.



Møte 24.06.10

SAK 30/10 - GNR.3 BNR.21-SØKNAD OM DISPENSASJON FOR OPPFØRING AV TAK OVER GRILLPLASS

Vedtak:

Med hjemmel i PBL§ 7 dispenserer forvaltningsstyret fra gjeldende reguleringsplan av 11 september 2000 for oppføring av tak over utendørs grillplass på gnr. 3 bnr.21. som vist på tegning datert 10.06.2010
Selve byggetiltaket vurderes som meldingstiltak etter SAK §9 pkt.b

SAK 31/10 - GNR. 11 BNR. 266 - frådeling av tomt - klage på vedtak i sak 12/10

Vedtak:

- Forvaltningsstyret finn at klagen ikkje er sett fram innan klagefristen etter § 29 i forvaltningslova. Forvaltningsstyret finn likevel å ville ta klagen opp til handsaming, då ei endring av vedtaket ikkje kan medføre skade eller ulempe for andre, jfr § 31 i forvaltningslova.
- Forvaltningsstyret finn ikkje at klagen inneheld nye opplysingar og argument som ikkje var kjent då det vart gjort vedtak i sak 12/10, og det vert derfor halde fast på vedtaket i sak 12/10.
- Saka vert sendt fylkesmannen i Rogaland til endeleg avgjerd.

SAK 32/10 - Gnr 16 bnr 5-ulovleg ombygd naust - klage på vedtak i sak 009/10

Vedtak:

- Forvaltningsstyret finn ikkje at klage dagsett 26.04.2010 frå Jan Are v/EDB-tjenester inneheld nye opplysingar og argument som ikkje var kjente då forvaltningstyret gjorde vedtak i sak 009/10.
- Forvaltningsstyret held derfor fast på vedtaket i sak 009/10, men gjev klagen oppsetjande verknad med heimel i § 42 i forvaltningslova for den del av vedtaket som gjeld frist for riving/tilbakeføring til tidlegare tilstand, og dato for berekning av tvangsmulkt.
- Saka vert sendt fylkesmannen i Rogaland til endeleg avgjerd.

SAK 33/10 - G.NR. 7 B.NR. 31 OG 32. EKSTRA TOMT UT FRA TO AKTUELLE TOMTER

Vedtak:

Rådmannen rår til at det blir gjeve løyve til å laga ei ny tomt ved at det blir skildt ein parsell frå kvar av tomtene g.nr. 7 b.nr. 31 og 32 for så å slå parsellane saman til ei tomt. Den nye tomta må som dei ander knytast til offentleg vassleidning og felles privat avlaupsleidning til sjø. Tomta skal knytast til felles tilkomst. Vegrett skal tinglysast når tomtene blir selde.

SAK 34/10 - TILBYGG HYTTE GNR. 19 BNR. 39- DISPENSASJON FRA PLANBESTEMMELSE OM HYTTESTØRRELSE

Vedtak:

Med hjemmel i PBL§7 dispenserer forvaltningsstyret fra bestemmelsene i gjeldende reguleringsplan av 03.10.1980 for oppføring av tilbygg på 26kvm bruksareal til bestående hytte på gnr.19 bnr39 slik det framgår av tegning 17.08.2007

Selve byggetiltaket betraktes som melding etter SAK §9 pkt. a

SAK 35/10 - TILDELING AV KVOTER FOR HJORTEVILT 2010

Vedtak:

Forvaltningsstyret godkjenner fordeling av kvoter slik det framgår av begrunnelse i saken.

SAK 36/10 - BYGGING AV LANDBRUKSVEG TIL OMRÅDE NORD FOR KONGSHAVN-DISPENSASJON FRA KOMMUNEPLANEN

Vedtak:

Saka blei ikkje lagt fram.

SAK 37/10 - SØKNAD OM FASADEENDRING-GR.11 BNR.31 I ALVESTADKROKEN

Vedtak:

Med hjemmel i reguleringsplan av 16.07.1981 godkjenner forvaltningsstyret at forslag til prinsippløsning for fasadeendringer på bygning på gnr.11 bnr.31 kan legges til grunn for søknad om tiltak slik det framgår av tegninger datert 24.02.2010

SAK 38/10 - GNR. 1 BNR. 1 - VURDERING AV FASADE- ENDRING-VINDUER I BESTÅENDE SJØHUS

Vedtak:

Forvaltningsstyret godkjenner fasadeendring på sjøhus på gnr. 1 bnr.1 slik det framgår av tegning datert 24.06.2010
Saken sendes fylkesmannen på høring

SAK 39/10 - MAKEBYTTE AV KAI - ARE.- KLAGE FRA FYLKESMANNEN PÅ DISPENSASJONSVEDTAK OM PLASERING AV NY OFFENTLIG KAI

Vedtak:

Forvaltningsstyret opprettholder sitt vedtak av 04.02.2010 sålydende

"Forvaltningsstyret kan dispensere fra Planloven sin bestemmelse §1-8 for oppføring av kai med tilhørende atkomstveg med 3m planert bredde på del gnr.16

bnr.3 som vist på kart etter alternativ 1 datert 19 januar 2010

Jfr. begrunnelse i saksutredningen." med følgende tillegg:

"Før det etableres veg frem til kaien på vestsiden av allerede eksisterende traktorveg må vedkommende myndighet gis anledning til å foreta fysiske registreringar for å undersøke om det i traseen finnes automatisk fredete kulturminner under markoverflaten.Hvis det ved denne undersøkelsen finnes slike kulturminner må traseen legges utenom disse eller det må alternativt søkes og innvilges dispensasjon for vegbygginga før denne kan settes i gang."

Ved byggetillatelse skal det legges vekt på god tilpasning av anlegg i terrenget og skjæringer/skråningar skal forblende med steinmur eller jord.

Saken sendes fylkesmannen for endelig behandling

Ros og takk til Bokn Sanitetsforening!

Bærbar babyvekt

Først og fremst vil jeg takke Sanitetsforeningen for at de har sponset helsesstasjonen med ny og bærbar babyvekt. De kom raskt på banen med positivt svar! Det kommer de aller minste og deres familier tilgode (og selvsagt helsesøster, jordmor og lege:) Det blir lettere å kontrollere barnets vekt nå enn før. Nå kan helsesøster ta med vekten når hun går på hjemmebesøk. For de barna som trenger ekstra oppfølging i perioder, er det stor hjelp å kunne ha en bærbar vekt som kan tas med dit barnet befinner seg:)

Bokn sanitetsforening er en viktig og positiv ressurs i nærmiljøet vårt!

De er opptatt av barn og unge og viser det tydelig gjennom sitt engasjement og interesse. Alle nyfødte i Bokn kommune får flotte hjemmestrikkede sokker som sanitetsdamene har strikket. Sanitetsforeningen leier også ut bilseter til de minste barna. Mange vet ikke om dette unike tilbudet, men de gangene jeg har kontaktet Inger Sønnøve, har hun alltid vært positiv og hjelpsom for utlån (uavhengig av klokkeslett og dager). Reidun er også et viktig "lim" for saniteten og oss som jobber i kommunen.

Det er viktig å rose alle disse flotte og humørfylte sanitetsdamene som stiller opp og gjør en kjempeinnsats for nærmiljøet!

Omtanke for nærmiljøet er Sanitetsforeningens "slagord", noe som absolutt gjelder her i Bokn.

Mvh.
Henriette S. Lindanger,
Helsesøster,
Bokn kommune

MINNEORD

Agnes Julie Hognaland er død, nær 96 år gamal.

Ho var fødd og oppvaksen på Grønnestad. Foreldra var Elia-sine og Halvor Grønnestad. I barneflokket var Agnes eldst av ni sysken, derav fem gjenlevande. Ho var gift med Trygve Hognaland.

Ho var husmor og arbeidde på garden. Store delar av vinteren var ho åleine då mannen var på fiske. Gardsarbeidet innebar mykje tungt arbeid med bering av vatn og torv-sanking.

Hobbyane hennar var strikking, hekling og baking. Spesielt var Agnes svært flink til å hekla og ho bakte veldig mykje godt. Det var alltid servering. Ho var også opptatt av misjonsarbeid og var med i misjonsforeningen i mange år.

Agnes var omsorgsfull, roleg og beskjeden. Agnes likte seg godt heime og å få besøk av barn og barnebarn.

Ho etterlet seg fem barn, derav to gjenlevande søner, 17 barnebarn og 30 oldebarn.



Agnes vil bli sårt sakna av familien.

Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

Kjelde: Statens kartverk

Gnr 9, bnr 167 er overdradd fra Elly Borgenvik og Ottar Jakob Borgenvik til Oddvar Hognaland

(03.05.2010)

Gnr 5, bnr 37 er solgt for kr 250.000 fra Geir Aksdal til Fredrik Faye

(05.05.2010)

Leirgrovvegen 20 (Gnr 9, bnr 80) er solgt for kr 1.750.000 fra Arild Kjetland til Marcin Wiktor Damian og Joanna Damian

(18.05.2010)

Andel av Gnr 4, bnr 10 er overdradd for kr 1.300.000 fra Jostein Nerål Bergjord til Gunn Elisabeth Glette

(28.05.2010)

Sommarope på biblioteket

Biblioteket har ope kvar måndag frå 16 – 19 i skuleferien unntatt måndag 19. og måndag 26.juli. Sjå elles oppslag på biblioteket.

Bygdabladet for 20 år sidan

FRÅ NR. 5 1990

KOMMUNEN SEL HOGNALAND SKULE

Bokn kommunestyre gjorde den 29. mai samrøystes vedtak om å selja Hognaland skule til firmaet Bokn Bygg til ein pris av kr. 100.000,-.

Det er nå vel fire år sidan kommunestyret vedtok å selja Hognaland skule til Bokn Bygg for kr. 250.000,-. bygget var den gongen i dårleg vedlikehald, og det har ikkje blitt betre med åra.

For Bokn kommune vil det bli ganske kostbart å vedlikehalda bygget. det er elles liten interesse for at nokon og vil kjøpe bygget.

Rådmannen grunngir m.a. salet med at det er tvilsamt at kommunen vil få att kostnadane ved eit seinare sal dersom ein nå pusser bygget opp. i tillegg ynsjer ein å vera med å sikra arbeidsplasser i Bokn Bygg ved å selja skulen til dette firmaet.

La bilen få en skikkelig teknisk sjekk før ferien starter og vær sikker på at bremser, bremseveske, dekk, lys er i orden og at det er nok luft i dekkene.

Pakk trygt: tunge ting nederst, lengst framme og mot midten i bagasjerommet. Ingen løse gjenstander i bilen, som fotoapparat, flasker eller lignende, slike ting kan skade alvorlig ved kollisjon/sterk oppbrems.

Sørg for at bagasjen på taket er godt nok festet, og at tyngden er jevnt fordelt. Ikke pakk tunge ting i takboksen, maks vekt 50-75 kg.

Fleire tips frå *Trygg Trafikk* på bokn.no

Kulturkalenderen

Kalenderen har fått påfyll fram mot jul.
Endringar og nye arr. kjem utover hausten.

- Juli**
10. Sommarmarknad i Føresvik med utedans om kvelden
14. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjeybygd kulturhus
18. Gudsteneste **kl. 12.00**
- August**
08. Gudsteneste **kl. 12.00**
11. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjeybygd kulturhus
15. Normisjonen har møte på bedehuset kl. 19.00
18. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjeybygd kulturhus
20. Kino i Auditoriet
22. Gudsteneste **kl. 11.00** - Misjonsundagen
24. Formannskapsmøte
25. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjeybygd kulturhus
27. Petra fritidsklubb: Petrakveld, Kyrkjeybygd kulturhus
29. Friluftsdag - arr. Bokn I.L & Bokn KFUK-KFUM-speidarar
30. Bibellesing på bedehuset 19.00
31. Speidaren: Oppstart for vandrarene og stifinnarane
- September**
01. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjeybygd kulturhus
03. Kino i Auditoriet
05. Gudsteneste **kl. 11.00** - Konf.pres./50 års konf.
07. Speidaren: Oppstart for oppdagarane
07. Forvaltningsstyremøte
08. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjeybygd kulturhus
10. Petra fritidsklubb: Petrakveld, Kyrkjeybygd kulturhus
12. NMS har misjonsfest på bedehuset kl. 19.00
13. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
14. Formannskapsmøte
15. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjeybygd kulturhus
17. Kino i Auditoriet
18./19. Speidaren: Tur til Sandbekken for stifinnarane
19. Gudsteneste **kl. 11.00**
22. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjeybygd kulturhus
24. Bedehusbasaren kl. 19.00
25. Speidaren: Kampen om Vikingskipet
26. Bingo - arr. Bokn musikkorps
26. ABR-senteret har møte på bedehuset kl. 19.00
27. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
28. Kommunestyremøte
- Oktober**
01. Kino i Auditoriet
03. Gudsteneste **kl. 11.00** - Hausttakkefest
06. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjeybygd kulturhus
06. Basar for Den Indre Sjømannsmisjon kl. 19.00 på bedehuset
08. Petra fritidsklubb: Spelekveld/LAN - Bokn bibliotek
Veke 41 Haustferie, Bokn skule
11. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
13. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjeybygd kulturhus
14. Normisjon, møte på bedehuset kl. 19.00
15. Kino i Auditoriet
12. Auksjon - arr. Bokn musikkorps
16. Kontaktmøte på bedehuset kl. 18.00
17. Gudsteneste **kl. 11.00**
19. Forvaltningsstyremøte
20. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjeybygd kulturhus
22. Kulturkveld på bedehuset. Kl. 19.00
22. Petra fritidsklubb: Petrakveld, Kyrkjeybygd kulturhus
22.- 24. Speidaren: Tur til Vigdarheim for vandrartroppa
24. TV-aksjonen 2010 - *På flukt fra krig*
25. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
26. Kommunestyremøte
27. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjeybygd kulturhus
27. Israelmisjonen har møte på bedehuset kl. 19.00
29. Kino i Auditoriet
31. Bingo - arr. Bokn musikkorps
- November**
02. Speidaropptak på bedehuset kl. 18.00
03. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjeybygd kulturhus
05. Basar for ABR-senteret på bedehuset kl. 19.00
05. Petra fritidsklubb: Petrakveld, Kyrkjeybygd kulturhus
07. Gudsteneste **kl. 15.00** - Allehelgenssundag
08. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
10. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjeybygd kulturhus
12. Kino i Auditoriet
14. Gudsteneste **kl. 15.00** - 4-årsbok
16. Formannskapsmøte, budsjettmøte - dagmøte
17. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjeybygd kulturhus
19. Petra fritidsklubb: Spelekveld/LAN - Bokn bibliotek
20. NMS har misjonsmesse på Soknehuset i Tysværåvåg kl. 11.00
21. Bingo - arr. Bokn musikkorps
21. NMS har møte på bedehuset kl. 19.00
22. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
24. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjeybygd kulturhus
26. Kino i Auditoriet
28. Gudsteneste **kl. 18.00** - Lysmesse. m/speidarpros.
30. Formannskapsmøte
- Desember**
01. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjeybygd kulturhus
03. Petra fritidsklubb: Petrakveld, Kyrkjeybygd kulturhus
07. Forvaltningsstyremøte
08. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjeybygd kulturhus
08. Speidarane sin grautfest/juleavslutning på skulen kl. 18.00
10. Kino i Auditoriet
12. Gudsteneste **kl. 11.00**
12. Luciafest - arr. Bokn musikkorps
14. Kommunestyremøte
17. Petra fritidsklubb: Juleavslutning
19. Juletreffest på bedehuset kl. 15.00 - Arr.: Sundags-skulen og speidaren
24. Gudsteneste **kl. 14.00**
26. Gudsteneste **kl. 11.00**
28. Juletreffest på bedehuset kl. 18.00 - Arr.: Frelses-armeen og bedehusstyret
29. Petra fritidsklubb: Romjulskos, Kyrkjeybygd kulturhus
31. Gudsteneste **kl. 16.00**

GYMSAL, KVELD

| DAG | AKTIVITET | KL. | ANSVARLEG |
|-----|-------------------------|---------------|-----------------|
| Mån | Danseskule | 14.15 - 17.00 | Wendy Riber |
| | Fotball G12 | 17.00 - 18.00 | Fredrik Faye |
| | Bokn skulekorps | 18.00 - 20.00 | Grete E. Yrke |
| | Bokn Brass/RH | 20.00 - 22.00 | J. Havikbotn |
| Tys | Danseskule | 14.15 - 17.00 | Wendy Riber |
| | Barnetrim | 17.00 - 18.00 | S.O. Alvestad |
| | Friskis & Svettis | 19.30 - 20.30 | Anette Vågå |
| Ons | Danseskule | 13.45 - 16.00 | Wendy Riber |
| | Handball 1./2.kl.J | 16.00 - 17.00 | Rannveig Øvrebø |
| | Fotball G8 | 17.00 - 18.15 | J. Hesthammer |
| Tor | Fotball 2.-4.kl.Fotball | 16.00 - 17.00 | S. Mikkelsen |
| | 1. Kl. | 17.00 - 18.00 | Erik Vågå |
| | Friskis & Svettis | 18.00 - 19.00 | Anette Vågå |
| | Volleyball, ungdom | 19.00 - 20.00 | Rita Bokneberg |
| | Volleyball, vaksne | 20.00 - 22.00 | Rita Bokneberg |

Gratulerer!



Send bilde og tekst til post@bygdbladet.no eller MMS til 98 22 15 08



Ole Johan Øvrebø

Gratulerer med 6 års dagen 5. juni

Klem fra mamma, pappa, Endre og Lars Erik



Adrian Hesthammer

Gratulere med 9 års dagen 8. juni!

Kos deg i Tyrkia

Klem fra mormor og besten



Raymond Hognaland, 11 år 8. juni 2010

Tiden flyr og Raymond blir bare ein tøffere og tøffere fyr. Gratulerer me dagen, håper du får ein kjekke feiring med familie og venner.

Masse hilsener fra Tone, Christian, Madelene og Mathias.



Simen Havikbotn, 13 år 10. juni

Me vil gratulera tenåringen våres med dagen!

Klem fra mor, far, Ida og bestemor



Håvard Hetland, 48 år 13. juni

Eg vil gratulere min snille pappa med dagen!

Hilsen Ingrid og Desmo:)



Torbjørn Berge Christiansen, 7 år 13. juni

Gratulerer med dagen, Toa!

Hilsen mamma, pappa og Ove



Karen Nesse Hetland, 14 år 15. juni

Gratulerer! Dagen er feira på Peppes med venner.

Hilsen mamma, pappa, Gabriel og Ingrid



Vi ønsker å gratulere **Kyrre Lindanger** med 35 års dag 17. juni!

Gleder oss til festen!

Hilsen gode venner!



Kyrre Lindanger

Gratulera så mykje med 35-årsdagen 17. juni!

Stor klem frå Tyrkia-crewet



Kimmy Vatnaland, 3 år 21. juni

Gratulera med 3 års dagen. Håpar at du får ein fin dag:)

Klem frå Lene, tante og onkel helsar også:)



Me vil gratulera **Silje Eide** med 17 års dagen den 24. juni!

Klem fra mamma, pappa, Renate og Annelin



Me vil gratulere Malena Hognaland med 11 års dagen 24. juni.

Klem frå mamma, pappa og Torgils



Me vil gratulera **Kristoffer Nilssen** med 18 års dagen den 24. juni.

Hilsen Jørgen, Konrad, mamma og pappa.



Jostein Hesthammer

Me vil gratulera verdens beste pappe med dagen 26. juni

Kjempeglad i deg pappen våres!!

Stor klem fra Adrian, Martine og Noah

Gratulerer!



Vi ønsker å gratulere fotballjenta vår, **Sunniva Jenny Taraldlien** med 8-års dagen den 28. juni!

Kjempeglad i deg!

Hilsen mamma, pappa og dadda.



Erik Nilssen, 12 år 28. juni.

Me vil gratulere den kule gutten vår med dagen.

Hilsen mamma, pappa og Maria



Sylvia Marlene Vatnaland, 12 år 4. juli

Gratulera så masse med 12 års dagen:)

Stor bursdagsklem fra Lene:)



**Serie-
start!**

Eg seie meg så

Birger Lindanger

**Sjå her, sjå her!
Stor konkurranse og
flott premie!**

Kjenner du boknamålet? Er du ein ekte boknar?

Under er det høve til å testa om du har makta å stå i mot bymål, bokmål og einsrettande mediaspråk. Mange fargerike boknauttrykk er i ferd med å trengjast ut. La dei få ein rennessanse! Frå og med dette nummeret av Bygdabladet kjem det ei liste på ti truga boknauttrykk.

Nå oppfordrar me lesarane til å koma med forslag på kva dei ulike uttrykka betyr. Mellom dei som har sendt inn rett svar, blir det avslutningsvis trekning om ein stor fyrstepremie:

Eit cruise for to med boknafjordsferja tur/retur Mortavika.



Utsikt over den romslege baren på skipet. Til høgre restauranten som svingar opp med dei eksotiske rettar.

Foto: Wolfgang B. Ognøy

MÅNADENS UTTRYKK

Kva betyr...

1. Halvstyving
2. Vadlasletta
3. Dridla, drila
4. Å fura på
5. Staurbidde
6. Solsen
7. Å reila
8. Ålvelte
9. Treneva
10. Å skoda

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan 9. august**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

Du kan senda inn på fleire måtar:

MAIL post@bygdabladet.no

SMS 98 22 15 08

BREV Bokn Bygdablad
Boknaton
5561 Bokn

VIL DU BIDRA?

Har du sjølv gode boknauttrykk som bør bli med i denne konkurransen, så send dei bare inn til Bygdabladet.

Heidrande omtale ventar!

I neste utgåve får du rette forklaringar og 10 nye uttrykk.

Kjæledyret mitt

Alle med kjæledyr
kan vera med i
serien.
Ta kontakt på
post@bygdabladet.no
Tlf. 98 22 15 08

Luna

Kristina Kallevik Hanssen

Hei, eg har ein hund som heiter Luna. Det betyr måne på Russisk, Spansk, Italiensk og Fransk. Første plassen ho budde var ho mishandla, så kom ho til syskenbarnet mitt, men ho bur i byen, så ho kunne ikke ha Luna pga. liten plass, så fekk me hunden.

Her har ho det godt. Me er kanskje ikkje så gode til å gå tur med henne, men me lar henne gå fritt rundt på eigedommen. Ho kan vera aleine ute viss ho vil, for ho går ikkje vekk.

Luna har nokre vener som heiter Waldi, Trine, Tassen og Tiger, kor det berre er Waldi som er hund. Luna likar å passa på kattane, samtidig passa på at dei ikkje får den beste maten, for den et ho opp på trass, for dei ikkje skal få smaka.

Men ho er i alle fall flinkare enn Trine, katten vår, til å passa ungene sine, Luna trur ho er mammen til dei minste kattane våre, og ho passar på dei. Ho elsker å spela fotball og å leika "gjemsel", kor vi gøymer tinga



og ho finn dei. Men me er litt leie av å leika med henne, så ho blir ekstra glad når folk leikar med henne.

Luna er 4 år gammal, men ho har budd her hos oss i snart 2 år. Ho har brune auge og er

blandingsrase av buhund, collie og shæfer. Så ho er ein god vakthund, og blir sint viss nokon slåst. Me brukar henne også til hjelp når me skal samla saman sauene.

Klem
Kristina

Neste gong fortel Lea Banaszekiewicz om hunden Waldi.

Gammal kjenning

Jardar Havikbotn

Gamle "Bokn", *Gullhønå*, sit godt i minnet til mang ein boknar, og Bokn Bygdablad har også tidlegare skrive at ho i 2005 blei selt til eit gresk ferjerederi. Då blei ferja også omdøyppt til MS Psathi, og sett inn i ferjetrafikk i Egeerhavet.

Johnny Borgenvik tipsa oss om ei nettside med mykje bilder og tekst av båten som 1976 - 1991 gjekk i sambandet Førsvik-Austre Bokn-Kopervik.

Interesserte kan klikka seg inn på:

<http://www.marine-marchande.net/groupe%20mar-mar/Documents/Cozanet/Psathi/Psathi.htm>



Flaug over Håklepp

Jardar Havikbotn

Tunell-fjellet på Austre Bokn hadde besøk av paraglider-entusiast.

Både bilistane på E39 og observante boknarar med utsikt til Håklepp, kunne 10. juni fylgja med på ei uvanleg ferd. Ein person hadde nemleg tatt ut i paraglider frå toppen av fjellet. Vedkommande steig til vérs og landa på Håklepp igjen. Dette blei gjentatt fleire gonger.

- Virkelig artig, fortel ein av dei næraste naboane til sensasjonen, **Kari Christensen** i Kro, til Bokn Bygdablad. Ho fekk også knipsa nokre **bilder av hendinga**.



I følge det nettbaserte kunnskapsverket Wikipedia er paraglideren ei vidareutvikling av fallskjermen, frå slutten 1980-talet.

Sport

Bokn skytebane veks fram

Oddgeir Hognaland

Bokn skyttarlag er godt i gong med bygginga av den nye skytebanen i Tverrdalen.

Det har no gått 12 år sidan dei først fekk idéen om ei ny skytebane. No er det kome krav at det må vere skytebane på Bokn om me skal ha skyttarlag.

- Vegen opp har vore noko av det som har krevd mest arbeid, seier Edgar Våge.

Vegen og parkeringsplassen (med plass til 10-15 bilar) var heller ikkje medrekna då dei sette opp budsjettet på 500.000, men han trur framleis at dei held seg innanfor budsjettet.

Dei har fått klager frå folk i nærheten om at det kjem til å bli for mykje støy, og at kulene forurensar vatnet.

- Me har ikkje fått nokon klager på støy før, og no kjem det til å bli endå mindre lyd, fortel leiaren i Bokn skyttarlag.

Blyinnhaldet i vatnet har og blitt testa, og har gitt positive resultat.

Byggematerialene har dei fått i samarbeid med Bokn Bygg.

Skyttarlaget, som nå har 30 medlemmer, at det nye anlegget vil føra med seg nye aktivitetar seinare, for eksempel leirdueskyting.

Mykje arbeid står framleis att. Forutan å få ferdig standplass-bygget, nemner Edgar Våge grusing av veg og p-plass og montering av dei elektroniske skotskivene, som laget endå ikkje har fått.



Leiaren i Bokn skyttarlag, Edgar Våge, er svært nøgd med at skytebanen er i ferd med å ta form.

Spelemidlar til prosjektet fekk dei 1. juni 2008 og skulle ha levert inn revidert rekneskap 1. juni i år for å få midlane utbetalt.

P.g.a. den lange og snørike vinteren blei arbeidet forsinka, og laget har fått ut-



Skyttarlaget trong absolutt eit nytt standplass-bygg.

Stengt i skulen sin sommarferie

Jardar Havikbotn

Dei som vil sparka fotball blir oppfordra til å bruka grasbanen.

Det er ikkje tillatt å opphalda seg i ballbingen, eller driva nokon form for leik der med eller utan ball, i skuleferien. Dette har rådmannen bestemt.

Grunnen til stenginga er at det ser ut til at negativ adferd utanom skuletid har eskalert, og kommunen treng noko tid til å planlegga tiltak. Ein vil ikkje at den negative adferda nå skal få øydelegga for framtida.

Rådmannen reknar med å opna bingen att når skulen startar i august, i alle fall for skuleelevane.

Ballbingen i Havnavegen er også stengt, i påvente av å finna dei rette løysingane for framtidig drift.



ANT-avslutning 11. juni

Elisabet Taraldlien

9. og 10. klasse på Bokn skule har hatt prosjektarbeid om alkohol, narkotika og tobakk, forkorta til ANT-prosjekt. For å lese meir om sjølve prosjektet, kan ein gå på nettstaden til ANT, (www.norsknettskole.no/fag/ressurser/itstud/fuv/ninasorensen/Default.htm) å finne ut kva elevane skal ha for mål å læra av eit slikt prosjekt.

Lærarane tykte nok ungdommane hadde gjort ein framifrå jobb, for dei hadde lyst å avslutte prosjektet på skikkeleg vis, og å gjere litt stas på dei unge.

Som sagt så gjort, og det blei søkt midlar hjå "Kjekt på Bokn", og gruppa "Trivsel og helsefremjande tiltak" løyvde 5000,- til prosjektavslutning. Det blei samstundes sagt at 1000,- av midlane skulle gå til Petra Filmstudio, slik at filmstudio- rommet oppe på fritidsklubben kunne ferdigstillast.

Elevane blei inviterte til storstilt avslutning, av arrangørane Bokn skule, Kjekt på Bokn og Petra fritidsklubb. ANT-prosjektet vart i utgangspunktet utført av 9. og 10. klasse, men 8. kl. blei også invitert på avslutninga.

Det blei kjøpt inn mat og drikke til avslutninga, og som krona på verket, fekk arrangørane Bokn si lokale gruppe, "The Kvednabekkjers" til å spele.

Ein kan vanskeleg seie anna enn at det blei suksess. Nærmare 30 ungdommar møtte opp på avslutninga! Maten blei utførleg stelt til av Brit Opsal og Liv



Øverst: 30 ungdommar møtte opp. Nederst: The Kvednabekkjers fv. Eirik Nedrebø, Wolfgang B. Ognøy og Tommy Øvrebø.

Birknes (pitabrød, steikt kjøttdeig m m).

Musikken sto som sagt Wolfgang, Eirik og Tommy for. Dei hadde god hjelp av Jardar Havikbotn på keyboard. Eirik

Nedrebø hadde i tillegg eit innslag der han fortalde publikum om Bokn Gatebilkubb. Vil ein vite meir om klubben, er det berre å gå inn på nettstaden deira:

www.bokngatebil.net

KULTURMIDLANE

Som i fjor blei behandlinga også i år utsett til hausten.

Det er ulike grunnar til dette. Planlagt behandlingsdato er 14. september.



Dag Lindebjerg til Bokn

Anne E. Askeland

Kjem innom Bokn 10. august i samband med den nye TV-serien "Norskekysten".

10. august får Bokn kommune vitjing av programskaper **Dag Lindebjerg**, som blant anna har mottoke Fyrtårnprisen for sin innsats for å profilere kystkulturen i Norge.

Han kjem innom i forbindelse med produksjonen av ein ny serie om kysten vår: "Norskekysten" som vert sendt på NRK om kort tid. Det er hyggeleg å notere at Lindebjerg har sagt ja til å koma innom Bokn; dette på tross av svært mange forespørslar frå stader han passerer langs kysten.

Som han sjølv uttalar det: *"Til slutt en liten beklagelse; vi kan dessverre ikke komme innom alle steder og alle kystlag. Vi har rett og slett ikke tid eller penger til det. Med 70-80 effektive dager om bord på de 10 båtene som skal kjøre nesten 2000 n. mil, må jeg prioritere hardt. Ofte for hardt. Men vi håper at de ca. 100 stoppene vi gjør vil gi et fint og variert bilde av kysten vår."*

Bokn kommune vert altså eit av stoppa han gjer; vi gler oss!

Kulturmidler 2010

Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune kan etter søknad få stønad frå kommunen.

Samtlege som mottok støtte i fjor vil få tilsendt søknadsskjema. Søknadsskjema kan også lastast ned på bokn.no. Der kan ein også søka elektronisk.

Nye søkjarar kan få søknadsskjema i Servicetorget på Boknatun.

Dei som søker for første gong kan få oppstartingsstønad. Storleiken på denne stønaden er avgrensa oppover til kr. 2.000,-

Søkjarar må leggja ved avskrift av rekneskap for 2009 og budsjett for 2010 i tillegg til å fylla ut søknadsskjemaet på ein tilfredsstillande måte.

Kulturmidlane det blir søkt om bør vera bakte inn i budsjettet for 2010, og det skal gå fram av søknaden korleis søkjaren tenkjer å bruka pengane.

Desse krava må oppfyllest for å få stønad.

§ 7 - støtte til eit spesielt tiltak

Kr. 10.000,- går til eit spesielt tiltak. Midlane går til den søkjaren som Formannskapet meiner har den beste søknaden. Dette gjeld ikkje vanleg drift, men større arrangement som kulturkveldar, konsertar og utstillingar, osv., eller større investeringar.

Søknader som ikkje fyller krava som er gitt, eller kjem inn etter søknadsfristen, får ikkje stønad.

Årets pott er på kr. 150.000 og kulturmidlane for 2010 blir fordelte i formannskapsmøte 14. juni.

Søknadsfrist 1. september

Elevkonsert

Jardar Havikbotn

16. juni markerte Bokn musikk- og kulturskule avslutninga på skuleåret 2009/2010.

Konserten blei gjennomført i Auditoriet og varte i ein og ein halv time. Heile 20 gitarelevar og 11 pianoelevar var i aksjon, både åleine, saman med læraren eller andre elevar. I fleire av innslaga trakterte nokre av dei unge også trommer og song.

Det var god variasjon i repertoaret, og alle føresette og næraste familie av elevane fekk ei triveleg stund. Amfiet viste seg også som godt eigna til denne type konsertar; intimt, god akustikk med fin oversikt for publikum.

Til venstre: Ein treng ikkje nå ned til golvet for å spela piano. Her Vetle L. Faye og lærar Venevil Birkelund.

Til høgre: Ruben Våga er ein av dei som allerede har nådd langt på gitar, og spela eit stykke åleine. Bak lærar Kristoffer V. Hansen, for anledningen bak trommene.



Det kjem eit bildealbum frå konserten på bokn.no

Hjertestarterkurs

Tekst: Dag-Helge Rønnevik - foto: Jardar Havikbotn

16. juni avholdt Bokn kommune et DHLR-kurs for alle som deltar i vaktberedskapen. HLR står for hjertelungeredning, mens D betyr defibrillator (hjertestarter).

Bokn kommune har en god akuttmedisinsk beredskap med dyktige syke-

skapen. HLR står for hjertelungeredning, mens D betyr defibrillator (hjertestarter).

Instruktør på kurset var **Trond Kipsgaard fra Helse Fonna (til venstre på det øverste bildet)**. Han er sykepleier og ambulanspersonell med in-

pålagt/selvpålagt beredskap (f.eks. politi, brannfolk, vektere o.l.) og personell i virksomheter med planlagt hjertestarterberedskap bør få en mer omfattende opplæring (jfr. rundskriv IS-5/2007 fra Sosial- og helsedirektoratet: Krav til bruk av defibrillatører/hjertestartere). For disse anbefales



pleiere og ambulanspersonell i døgkontinuerlig beredskap. Ambulansen på Bokn har bidratt til å redde både liv og helse opp gjennom årene og representerer utvilsomt en trygghet for de som bor i kommunen.

Pga nye kompetansekrav til de som skal jobbe i en ambulanse er vi nå inne i en fase der det fortsatt er uavklart hva vi skal kalle ambulansen på Bokn. Vi får ikke beholde ambulansen slik den har vært fram til nå, men kommunen har klokt vedtatt at den kommunale beredskapen skal videreføres slik den er, enten bilen heter "first responder" eller "beredskapsambulanse".

Med E39 gjennom kommunen der trafikken ventes å øke betraktelig når Rogfast og T-sambandet etter hvert realiseres, vil det bli enda viktigere at vi kan ivareta kommunens plikt til å yte akutt hjelp til alle som befinner seg i kommunen. Det er spesielt den første halvtimen etter en ulykke den lokale beredskapen kan være livreddende. I tillegg til ulykker vil den lokale beredskapen også bli kalt ut ved alle typer skade/sykdom som trenger akutt hjelp, akkurat som tidligere.

For å opprettholde nødvendig kompetanse er det viktig med regelmessig øving og kursing for de ansatte. Befolkningen på Bokn skal være trygg på at det er kompetente førstehjelpere som rykker ut når nøden er der. Som en del av dette avholdt kommunen onsdag 16. juni et DHLR-kurs for alle som deltar i vaktbered-

skapen. I 5 timer sørget han for god instruksjon og oppfrisking av kunnskaper for de ca 20 fram møtte.

Ved akutt hjertestans er det avgjørende å komme til med tidlig HLR og elektrisk støt så tidlig som mulig. Hjertestarter er derfor en naturlig del av førstehjelpen vi skal kunne yte når vi rykker ut.

Kommunen følger anbefalingene til Norsk Resuscitasjonsråd:

Norsk Resuscitasjonsråd om opplæring i bruk av hjertestartere

1. Hjertestarter (halvautomatisk defibrillator) er førstehjelpsutstyr.
2. Beredskap med hjertestarter bør være en del av vanlig førstehjelpsberedskap.
3. Bruk av hjertestarter er en del av vanlig førstehjelp.
4. Alle som skal lære å bruke en hjertestarter, bør også beherske basal hjerte-lungeredning (Basal HLR).
5. For lekfolk og personell uten pålagt eller selvpålagt beredskap med hjertestarter anbefales kurset "MiniAnne med AED" (45 min. kurs med HLR og hjertestarter - lansert i Norge i april 2009). Dette kurset krever ikke sertifisert instruktør, men at hver kursdeltaker har sin egen kurspakke.
6. Helsepersonell, førstehjelpspersonell ("first responders") og personell med



"Norsk grunnkurs i bruk av halvautomatisk hjertestarter" (4 timers kurs med sertifisert instruktør i HLR og bruk av hjertestartere).

7. Hvis det synes nødvendig for å redde liv, bør lekfolk og helsepersonell også uten opplæring bruke en tilgjengelig hjertestarter, helst etter veiledning fra 1-1-3.

Det er gledelig at saniteten har planlagt innkjøp av ny hjertestarter som skal plasseres på butikken på Bokn. Da har kommunen 2 hjertestartere.

Alle på Bokn oppfordres til å melde seg på førstehjelpskurs når det arrangeres av Røde Kors. Enkel førstehjelp kan redde liv!

Husk: Om noen faller om livløs og puster unormalt - start med hjertelungeredning umiddelbart samtidig som du tilkaller hjelp!

**Dag-Helge Rønnevik
Kommuneoverlege og medisinsk faglig rådgiver**

STENGT DAGSENER

Dagsenteret holder stengt i sommerferien, og starter opp igjen 19. august.

Mvh. Mariann Skjelde

LEGEKONTORET ER SOMMARSTENGT VEKE 26-27-28

Legekantoret avvklar sommerferie 18. juli. Første opningsdag etter ferien er tysdag 20. juli. Som vanleg er Hegren legesenter i Aksdal vikar dersom nokon treng akutthjelp, INR-kontroll eller andre ting som ikkje kan avklarast før eller venta til etter ferien.

Bokn legevakt gjeld heile døgnet i alle tilfelle der du ikke får tak i dr. Rønnevik eller vikarlege. Telefonnummer til Bokn legevakt er 52748522.

Helsestasjonen er feriestengt i vekene 26, 27, 28 og 29.

VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uføretrygda og treng skyss til å komma deg frå ein stad til ein annan? - t.d. til lege, ulike til-stelningar, handla på butikken m.m.

Nokre pensjonistar ønsker å vera tilgjengelege som sjåførar, og

desse har ei vaktordning og ein mobiltf. til disposisjon.

For å avtala tid, ring dette nr.

94 14 47 35

Helst dagen før eller lengre tid på førehand.

Dei som brukar tenesta betaler til sjåføren -

- Kr. 3,50 pr. km + kr. 0,50,- pr. km for kvar ekstra passasjer.

- Minstepris kr. 100,-

Privat

Næringsliv

TAKK!

Hjertelig takk for all deltakelse og blomster I anledning Agnes Julie Hognaland's begravelse.

Familien

TAKK!

Hjertelig takk for all oppmerksomhet på min 80 års dag

Tor Alvestad



Har du noko arbeid du skulle ha gjort, vedlikehald, vaktmeistertenester m.m.

Spør oss!

Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65



COOP MARKED BOKN



Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

Lørdag: 09.00 - 16.00

Drivstoff hele døgnet - kortautomat

Stort sommermarked i Føresvik 10. Juli kl 11 - 15



Goman

Rundstykker

Pr. stk.

1,-

Alle typer

Coop kaffe

-25%

Cuba

Appelsinjuice

1ltr.

10,-

Nektariner

I korg

10,-

Vannmelon

Pr. kg.

10,-

Coop

Grillpølser

600 gr.

16,90

Salgsboder – Kafe – tivoli – Trailoppvisning –
Veteranbuss- Utstilling av gamle motorer – Besøk
av 330 skvadronen.

Om kvelden blir det utedans.

Velkommen til en hyggelig dag på Bokn!

**coop
marked**

Bokn

9 - 16



Bli kunde hos oss

Hos SpareBank 1 SR-Bank møter du folk som er eksperter. Samtidig som vi har høy kompetanse og er sterke, ønsker vi å være en personlig bank som ivaretar våre kunders behov. Derfor etablerer vi oss lokalt og ansetter medarbeidere som kjenner lokalmiljøet.

Våre folk skreddersyr løsninger som passer deg og din livssituasjon.

Kontakt oss på tlf. **02002** for å prate med en av våre rådgivere.



Næringsliv

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

Utleige av minigraver 2500 kg

Pris pr. dag kr. 800,- + moms.
Pris pr. veke kr. 4.000,- + moms.
Pris pr. dag kr. 100,- + moms
for leige av vridbar pusseskuffe.

Kontaktpersoner:

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797



HÅRSMIÅ



Alle er hjertelig velkommen
til ein klipp her på HÅRSMIÅ.

Du får den 5. klippen gratis.
Dette gjelder både barn og voksne,
inkludert dei som ønsker
å bli klipt hjemme.

**Eg har nå starta opp
med permanent igjen.**

Sommerferie i juli og første uka i aug.

**Startar opp igjen halvannen uke før
skulestart (9. august)**

Eg har åpent hver dag, klipper gjerne på
lørdager om eg er hjemme.

52 74 86 47 - 46 44 29 20

Med vennlig hilsen Mona på Hårsmiå



FRISØRROMMET PÅ BOKNATUN



Sommer og ferietid

Ferien min blir delt i år:

* Salongen blir stengt 23. juni til 11. juli

* Åpen 13. Juli - ut juli - ferie uke 31 og 32

Mine åpningstider er tirsdag t.o.m. fredag
kl. 09-16 i partalsuker.

Kan være fleksibel med
åpningstidene i oddeltalsuker.

Sommerhilsen fra Anita

99 32 55 34 - 52 74 85 34



Bokn bibliotek

Opningstider:

Mån. 16.00 - 19.00 (Prøveordning 2010)
Tys. 09.00 - 13.30
Ons. 16.00 - 19.00
Tors. 09.00 - 13.30

Div. tenester på Boknatun

BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt
onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 - 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring
Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS,
sjå www.bokn.no for meir info.

Lista blir fylt opp, men det er framleis ledig
kapasitet!

Dag-Helge Rønnevik - lege

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Trenng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Mariann Skjelde - aktivtør

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun
kl. 9.00 - 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. **52 75 71 75**

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar,
onsdagar og fredager kl. 8-15.30 -
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil
46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster



NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 - 14.30
Telefontid kl. 8.00 - 15.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

Unn A. Mustaparta - leiar

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet
mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40
41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt på helse-
stasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smertor i muskler og ledd? Ta direkte
kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00
ved fysioterapirommet.

Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling
tlf. **52 74 83 98/99 70 74 28**

Direkte nr.: 52 75 25 33

Rita Bokneberg - fotterapeut

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30- 15.00

Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar
i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler
eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og
dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt
med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus,
m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

**Prøv ei
annonse i
Bokn Bygdablad**

Div. tenester på Boknatun



Sykla Trondheim-Oslo

Tekst: Jardar Havikbotn - mobilfoto: Ronny Taraldlien



Då Styrkeprøven 2010 blei arrangert 27. juni, var Kjell Olav Skjelde frå Bokn ein av deltakarane. Han fullførte med glans!

- Eg hadde dagen, seier sykkelentusiasten fornøgd.

37-åringen er med i *Stegaberg sykkelklubb*, som var ein del av *Team Nord-Rogaland* i årets lagkonkurranse.

30 haugalendingar stod på startstreken i regnfulle Trondheim kl. 07.00 på laurdagsmorgonen. Foran seg hadde dei 54 mil på sykkel.

16 timar og 25 min. seinare var 20 av dei i mål. Dei som datt av undervegs var ikkje skikkeleg trente. Men laget fekk det heile godkjent. Reglane seier at 10 stk. frå laget må fullføra. Og Kjell Olav var som sagt ein av dei som kunne sleppa jubelen laus i Oslo kl. 23:25, temmeleg møyrbanka i kroppen, spesielt i baken.

Hardhaus

Etter 15 mil klarna det opp, og vêret var flott resten av turen.

Kjell Olav vil ikkje trekka fram nokon spesielle harde forseringar i løypa.

- Løypa var fin, men det verka i kroppen under turen. Det var hardt, men ein lærer å pressa kroppen, fortel hardhausen, som fekk problem med det eine kneet etter 30 mil og vondt i det andre etter 40 mil på sykkel.

Likevel seier han at det var ein kjempefin tur og at syntest det gjekk fort. Det var enklare enn han trudde, fortel han.

Følgebil

Ronny Taraldlien, Jan Kristian Jøsang, Trond Foss og Arvid Fagerheim, sistnemnde frå Førland, var med i følgebil. Ein bil køyrde bak teamet med reservedelar og ekstra-hjul, medan den andre var foran laget og sørga for å setta opp matstasjonar. Kor desse skulle plasserast, hadde teamet gitt beskjed om på førehand. Pulja hadde fire stoppar undervegs, kvar på fire minutt. Då tok ryttarane til seg to nye flasker med sportsdrikk, anna drikke, brød og sjokolade.

Turen blei avvikla utan problem, bortsett frå ein punktering blant dei som sykla i gruppa.

Eg blir fortalt at det gjaldt om å halda bakhjulet til syklisten foran, og så skifta dei på å dra; såkalla rullekøyning.

- Følgebilane gjorde ein eksemplarisk innsats, seier Kjell Olav, og kjem samstundes med hyggelege helsingar til følgesbilkarane frå sykkelklubben på Stegaberg.

Held seg i form

Landevegssyklisten, som systematisk har trent seg opp dei to siste åra, sykklar for å halda seg i form, og brukar farkosten som eit framkomst-middel. Han sykklar til jobben på Kårstø 2-3 gonger i veka, men har tatt det med ro nå etter den store *Styrkeprøven*.

Etter at snøen forsvann i mars, har det blitt søndagstur på 10-20 mil.

- Du bør ha fire/fem slike turar før du begir deg ut på Trondheim-Oslo, meiner han, og har følgande råd til den som vil trenast seg opp på sykkel (nå i desse *Tour de France*-tider):

- Kjøp deg pulsklokke. Ta det roleg og vær tålmodig. Det er viktig å trenast med låg puls - ikkje hardkjør.

Også får du deg flotte naturopplevingar.

- Under sist treningstur letta plutseleg ei svær ørn frå bakken, berre 50 m frå meg, kjem det fort frå ein som satsar på å vera med på løpet Lysebotn-Bryne i midten av august.

Aldri for seint

Og så er det aldri for seint å begynna. Av dei rundt 3.000 som var med då *Styrkeprøven* i år blei arrangert for 44. gong, var eldstemann som fullførte 82 år!



BILDETEKSTAR FRÅ TOPPEN:

Team Nord-Rogaland i farta.
Trond Foss på ein av matstasjonane.
Kjell Olav med bakhjulet i sikte.
Dei som fullførte på Team Nord-Rogaland (Kjell Olav bak, nr. 3 frå høgre).